

## **Styremøte Herand bygdelag 21.06.2016**

Desse møtte: Kenneth Vikane, Marit Huus, Kaia Gulbrandsen, Sigmund Eiken. Lars Sæverhagen, Gunnar Dalseth, Una Eiken, Olav Strømsnes

Referent: Una Eiken

### **Sak 2016/40 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

Godkjent

### **Sak 2016/41 Godkjenning av referat frå møte 31. mai**

Godkjent

### **Sak 2016/42 Orientering om forslag til mini-idrettsanlegg ved kulturhuset**

Hordaland idrettskrets ved Einar Vevatne har teke kontakt med idrettslaget om etablering av mini-idrettsanlegg. Dette er eit positivt tiltak, men spørsmålet er om det er tenleg å nytta store delar av plassen ved kulturhuset til dette. Bygdelaget er ikkje negative til dette, men det blir uråd å nytta helie plassen til dette. Bygdelaget ber derfor idrettslaget om å arbeida fram ei skisse over kva dei tenker seg.

### **Sak 2016/43 Rekneskapsrapport**

Dei største inntektene kjem i starten av året, t.d. bladpengar. Andre inntekter er knytt til ulike prosjektmidlar. Av driftsutgifter utgjer straumforbruk største delen, andre store utgifter i rapporten er knytt til prosjekt.

### **Sak 2016/44 Status for sommaren – kulturhistorisk senter, helleristingane osv**

Fylkeskommunen har vore å fjerna presenningen over helleristingane. Det er eit problem med tilgroing på ristingane, fylkeskommunen har ein plan for dette.

Det er skreve arbeidsavtale med vaktene på kulturhistorisk senter, dei opnar 27.6.

Blomevatninga har fungert til no, men me må gjera eit tiltak i ostekjelen. Gunnar ber Marit Samland om å legge til fleire planter i kjelen for bygdelaget si rekning.

Det blir dessverre ikkje drift i krambua i år. Dette må me gripa tak i før neste sesong.

### **Sak 2016/45 Status for nytt kloakkanlegg**

Ventar på ei godkjenning for å fullføra arbeidet. Bygdelaget stiller spørsmål ved kommunen sin disposisjon av kaien til parkering av gravemaskin samt anleggsplass for byggearbeid i turistsesongen. Dette forringar Herand som gjestehamn og besøksmål. Det er heller ikkje greit at det ikkje er rydda etter arbeid med kloakkanlegg. Sjølv om dette ikkje er ferdig, må byggherren, slik bygdelaget ser det, halda områder i så presentabel stand som råd i byggeperioden. Styreleiar tek kontakt med kommunen og andre partar om dette.

### **Sak 2016/46 Gjennomgang av hausten, eventuell justering av tidsplan**

Styremøter; 16.08, 13.9, 18.10, 8.11, 13.12.

Det er sett opp bygdekafear 11.9 ved idrettslaget og 6.11. ved danselaget  
Haustmarkaden er 8.10

**Sak 2016/47 Eventuelt**

Brev frå Marine Harvest, ASC sertifisering, ei miljøsertifisering. Invitasjon til informasjonsmøte i samband med slik sertifisering av anlegga i Herand 29.06. kl 10.00.  
Gunnar møter for styret.

Pris på ventilasjon på kjøkenet; om lag 50 000 kr. Dette må gjennomførast

Montering av nye toalett er under arbeid .

Me må gripa tak i dei ulike gruppene som vart etablerte på årsmøtet og auka aktiviteten der.